

Fjågesund Posten

Nr. 2 april 2026



Midtbøen og Torpen ca. 1969

STØTT FJÅGESUND IL MED TOMGODS!

Har de tomgods som vi kan pante til inntekt for laget vårt, vil vi gjerne at de set det ut i knytt pose, ved innkjørsla di slik at det er lett å finne. Vi køyrer rundt og samlar inn:

Mondag 27. april kl 17.00



Stillits

DUGNAD RUNDT KYRKJA

Tysdag 28. april kl. 17.00. Ta med rive, trillebår, traktor, o.s.v. Enkel bevertning.



DUGNAD PÅ GRENDEHUSET

Torsdag 30. april kl. 17.00. Ta med rive, trillebår, traktor, o.s.v. Vasking inne av vindauga o.s.v.

RUSKENAKSJONEN 2026

Mondag 4. mai. Sjå annonse i VTB! Renovest IKS set ut container ved **Fjågesund grendehus**. Her kan du som privatperson levere avfall som kjøll/frys, komfyrar, omnar, anna elektrisk materiell, samt møblar og større hushaldsavfall.

SØPPELPLUKKING/TRIM

Tysdag 5. mai kl. 18.00. Vi møtast på grendehus-plassen, og ryddar søppel langs vegen til Fjågesund brua og opp til kyrkja. Ta med hanskar. Væratterhald.

Arr. Fjågesund IL

ÅRSMØTE FJÅGESUND VASSVERK

Torsdag 7. mai kl. 18.30 på grendehuset.

Vanlege årsmøtesaker.

UT PÅ TUR 2026

Fjågesund idrettslag har plukka ut fire turmål. Eit kart over turmåla, ruta dit og korleis du registrerar turane dine er snart å finne på fjaagesund.no. Dei som har gått alle 4 turane vert med i trekkinga av ein fin premie. Det vert også trekk ut ein trøstepremie blandt alle deltakerane.


Du må registrere turane dine før 20. september. God tur!



Jønnberg

HJARTESTARTAR

Det er inngått ei leigeavtale med firmaet "Folkestartaren". Vedlikehald av ♥startaren er inkludert i prisen, og den er registrert i 113 appen. ♥startaren finn du hjå Trond og Aud Turid Fjågesund i baksteburet midt i tunet deira. Der er lapp på døra utvendig og der er det ulåst og varme heile året. ♥startaren heng på veggenn rett innanfor døra.



Borghild og Thomas Midtbøen ca. 1955

17. MAI I FJÅGESUND



1983


Program:

- Tog frå broi kl 12.00
- Festgudsteneste kl 12.30 i Fjågesund kyrkje v/Sigrun Solvang.

På grendehuset etter messa:

- Kaffi og kaker
- Sal av pølser, brus og is
- Utlodding
- Leikar: luftbørse, pilkast etc. med premiering

Arr. Fjågesund grendehuslag



M/S HENRIK IBSEN

kjem **mandag 18. mai.**

Båten passerar fjågesundbryggja ca. kl 15.10

M/S VICTORIA

kjem **tysdag 19. mai.**

Båten passerar fjågesundbryggja ca. kl 15.20.

Vi oppmodar alle til å helse dei velkomen desse dagane!



Lærer Endre Skaar med familie på tur i Fjågesundstraumen ca. 1920. Næring i bakgrunnen.

TUR TIL KÅSASTRÅNDI

Onsdag 20. mai

Gå/sykle/køyre-tur til Kåsastråndi. Der blir det fyr i bålpanna og servering av pølser, brus og kaffe kl 18.00!

Arr. Fjågesund IL



TUR TIL KOLLINGANE

Søndag 14. juni

Oppmøte og samkøyring frå grendhusplassen kl 10.00. Ta med niste. Værratterhald.

Arr. Fjågesund IL

BERGSTO BRYGGJE

I fjor seinsommar vart det utført dugnadsarbeid av to driftige damer i Bergsto. Pakkhuset ved bryggja fekk grundig utvendig vask og to strøk måling. Telemarkskanalen kom og montera stillas og dekte utgiftene til måleutstyret. Dei tok med seg den øydelagte flytebryggja i tre og vil etterkvart kome med ny.



Sjå også heimesida til Fjågesund på:

fjaagesund.no